

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

---

<b>Dato</b>	01.03.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/88079-5
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lars Grøteide
<b>E-post</b>	Lars.Groteide@vlfk.no
<b>Telefon</b>	41530992

## **Justert høyrings svar NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale**

Vestland fylkeskommune viser til tidlegare innsendt høyringsuttale til arbeidet med NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale. Dette var førebels uttale i påvente av endeleg vedtak i vårt fylkesutval.

Fylkesutvalet handsama saka i sitt møte den 9. februar 2023, og det vart gjort justeringar i vår høyringsuttale. Vi sender dykk difor vår nye høyringsuttale og ber dykk ta denne inn i det vidare arbeidet med NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale og påfølgjande dokument og prosessar.

Vedlegg: Fylkesutvalet sitt vedtak, som vert å rekne som Vestland fylkeskommune sitt endelege høyringsinnspel.

Med helsing

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse

**Ronny Skaar**  
seksjonssjef  
KFO-Kulturutvikling

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2023

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, SV, A, MDG, Sp, V fram slikt forslag:

«Tillegg – nytt punkt 4

Ytringsfridom og religionsfridom er av dei mest fundamentale rettane i eit demokratisk samfunn. Desse to rettane utfyller og forsterkar kvarandre og bør derfor sjåast i samanheng. I Lov om tros- og livssynssamfunn, verknad frå 01.01.2023, er idealet om «eit livssynssope samfunn» lagt til grunn. Dette er ikkje nemnd i kommisjonen si utgreiing. Vestland fylkeskommune meiner samfunnet står seg på ein betre dialog om korleis ein skal ivareta både ytringsfridom og religionsfridom. Særleg i lys av korleis trendar som «kanselleringskultur», «krenking» og «identitetspolitikk» ser ut til å snevre inn i staden for å opne opp bruken av ytringsfridomen. Dette bør vere ein del av bakteppet i den tidvis noko krevjande diskusjonen knytt til hatefulle ytringar og reguleringa av dette i straffelova § 185.

Det er bra at kommisjonen kjem med fleire konkrete tiltak for å førebygge og motverke hatprat.»

### Avrøysting

Innstillinga punkt 1-2 og punkt 4 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken mot 6 røyster (H, Frp, 1 UA (Trym Aafløy)).

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret til *NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale* slik den ligg føre i vedlegget til saka.

2. Ytringsfridomskommisjonen peiker på «behov for informasjons- og opplæringstiltak for å gjøre den vaksne og eldre befolkningen betre til å navigere i den digitale informasjonsflommen», og tilrår ei satsing på kursing og opplæringstiltak, til dømes i regi av biblioteka. Vestland fylkeskommune sluttar seg til at biblioteka kan spela ei viktig rolle her. Når nettbaserte media utgjør ein viktig del av den breiare offentlegheita er det også viktig å auka den digitale kompetansen i befolkninga, slik at fleire har moglegheit til å delta på digitale arenaer.

3. Vestland fylkeskommune merkar seg forslaget om å oppheva forbodet i kringkastingslova mot politisk reklame og reklame for livssyn. Fylkeskommunen vil peika på at dette reiser ein del prinsipielle problemstillingar som fortener ei meir inngåande drøfting.

I den samband kan det også vera verdt å peika på at Vallovutvalet i NOU 2020:6 påpeikte paradokset i at politisk TV-reklame er forbode, medan det er tillatt å kjøpa politisk reklame frå store teknologiselskap som når ut til mange og som kan målrettast på individnivå. Vallovutvalet meinte i den samanheng at behovet for regulering av bruk av mikromålretting som verktøy i valkamp bør utgreiast, då slik reklame truleg har større potensial. I ein breiare gjennomgang av framtidig regulering av politisk TV-reklame kan det vera naturleg å sjå slike spørsmål i samanheng.

4. Ytringsfridom og religionsfridom er av dei mest fundamentale rettane i eit demokratisk samfunn. Desse to rettane utfyller og forsterkar kvarandre og bør derfor sjåast i samanheng. I Lov om tros- og livssynssamfunn, verknad frå 01.01.2023, er idealet om «eit livssynssope samfunn» lagt til grunn. Dette er ikkje nemnd i kommisjonen si utgreiing. Vestland fylkeskommune meiner samfunnet står seg på ein betre dialog om korleis ein skal ivareta både ytringsfridom og religionsfridom. Særleg i lys av korleis trendar som «kanselleringskultur», «krenking» og «identitetspolitikk» ser ut til å snevre inn i staden for å opne opp bruken av ytringsfridomen. Dette bør vere ein del av bakteppet i den tidvis noko krevjande diskusjonen knytt til hatefulle ytringar og reguleringa av dette i straffelova § 185.

Det er bra at kommisjonen kjem med fleire konkrete tiltak for å førebygge og motverke hatprat

5. Innspelet blir sendt til Kultur- og likestillingsdepartementet ved fristen 31. januar, med atterhald om endeleg vedtak i fylkesutvalet 9. februar.

---

**Saksnr:** 2022/88079-2**Saksbehandlar:** Lars Grøteide

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		19.01.2023
Fylkesutvalet		09.02.2023

## Høyringsuttale: NOU 2022-9 En åpen og opplyst samtale

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret til *NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale* slik den ligg føre i vedlegget til saka.
2. Innspelet blir sendt til Kultur- og likestillingsdepartementet ved fristen 31. januar, med atterhald om endeleg vedtak i fylkesutvalet 9. februar.

### Samandrag

Kultur- og likestillingsdepartementet har lagt ut *NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale* på høyring. I denne saka legg fylkesdirektøren fram forslag til Vestland fylkeskommune sitt høyringssvar med innspel på områda:

- Er dei globale utfordringane knytt til yringsfridomen vurdert i tilstrekkeleg grad?
- Kultur og frivillig sektor
- Språk ein føresetnad for yringsfridom

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur, idrett og inkludering (KII)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Høyringssvar NOU 2022-9 En åpen og opplyst samtale

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Ytringsfrihetskommisjonen vart oppnemnt ved Kongeleg resolusjon 14. februar 2020. Kommisjonen fekk til oppgåve å utgreie sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammer for ytringsfridom i samfunnet slik det er i dag. Ytringsfrihetskommisjonen sin rapport vart lagt fram for Kultur- og likestillingsdepartementet 15. august 2022. Deretter vart den i haust lagt ut på offentleg høyring med frist til 16. januar 2023. Vestland fylkeskommune har fått utsett frist for å sende høyringssvar frå departementet til 31. januar. Innsendte høyringssvar er med atterhald om endeleg vedtak i fylkesutvalet.

Utgreiinga inneheld tilrådingar inkludert forslag om lovendingar, forskning, utgreiinga, utarbeiding av instruksar og rettleiarar og utarbeiding av handlingsplanar. Bakgrunnen for dette arbeidet er dei omfattande endringane i samfunnet sidan førre ytringsfridomskommisjon la fram sin NOU i 1999. Endringane har i stort omfang endra det offentlege rom og har påverka den enkelte si rolle og mogelegheit til deltaking og ytring.

Ytringsfridom er ein kjerneverdi for samfunnet vårt. Dette fellesgodet er ein viktig føresetnad for eit ope og godt demokrati der det er mogeleg for alle ta aktivt del i samfunnsdebatt og utvikling. Fylkesdirektøren meiner difor at det er viktig at Vestland fylkeskommune støttar opp om det viktige arbeidet som er starta ved utarbeidinga av *NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale*.

Fylkesdirektøren vurderer dokumentet som godt og grundig, men meiner likevel at det er grunn til å gje nokre viktige innspel til det vidare arbeid for å sikre ytringsfridomen i Noreg. Gjennom høyringssvaret blir det lagt vekt på følgjande område:

- Er dei globale utfordringane knytt til ytringsfridomen vurdert i tilstrekkeleg grad?
- Kultur og frivillig sektor
- Språk ein føresetnad for ytringsfridom

### Vedtakskompetanse

Reglement for fylkesutvalet, punkt 6, fråsegner.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Økonomi har ikkje direkte relevans for saka.

#### Klima:

Klima har ikkje direkte relevans for saka.

#### Folkehelse:

Ytringsfridom er eit gode som sikrar eit ope samfunn og demokrati der alle har mogelegheit til å delta i offentlege debattar for å fremje sitt syn, og fremjar med det den enkelte sin livskvalitet. Denne fridomen gjeld oss alle og er difor eit viktig reiskap for å hindre og redusere sosial ulikskap og for bidra til deltaking, inkludering og integrering.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 slår fast at berekraftsmåla er overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland. Desse inneheld miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar som kan relaterast til ytringsfridom. I planen er det mellom anna mål om «Vestland som leiande kulturregion». I planen står mellom anna at «Profesjonelt kulturliv bør vere sterkt og fremja nyskaping og ytringsfridom.»

## Konklusjon

Å ta vare på vår felles ytringsfridom er viktig. *NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale* gir eit godt grunnlag for vidare samfunnsutvikling og politiske vedtak og endringar som sikrar vidare ytringsfridom for alle. Fylkesdirektør tilrår at Vestland fylkeskommune sender inn høyringssvar slik det er vedlagt i saka, med særskilt merksemd rundt globale utfordringar, kultur og frivillig sektor, og språk som ein føresetnad for ytringsfridom.